

KONFIRMANT

- Bømlo - 2021

Hei!

Det er spesielle tider, og informasjonsmøtet om konfirmasjon i kyrkja vart avlyst.

Her kjem litt informasjon om aktivitetar ein er med på som konfirmant i kyrkjene på Bømlo.

Leir på Statsraad Lehmkuhl: 12.-13.september. Me går om bord på Leirvik. Me treng foreldrevakter. Kryss av for dette ved påmelding på nett. Dei som blir valt ut får beskjed før sommarferien.

Undervisning: Tidspunkt for dei ulike undervisningstimane står i årsplanen som blir sendt ut ved skulestart august 2020. Undervisning startar i veke 34.

Miljøtiltak

Du vel eit av desse miljøtiltaka, og skal delta minst 6 gongar i miljøtiltaket.

Bremnes og Lykling:

ZoomIn laurdagar kl. 20.00
for 8.klasse og oppover
Gilje bedehus

Varden tre av fire fredagar kl. 20.00-24.00
for 8.klasse og oppover
Rubbestadneset bedehus

Ten Sing Bømlo onsdagar kl.19.00-21.20
for 8. klasse og oppover
Ungdomsheimen

KRIK fredagar kl. 20.00
frå 8. klasse og oppover
Gilje fleirbrukshall

Kimen: Det vert tre samlingar i løpet av året for alle konfirmantane i Lykling.

Bømlo:

Som konfirmant er du med i ei samtalegruppe. De blir ca. seks samlingar i løpet av konfirmantåret. Dag og tid vert avtala med leiarane.

I tillegg skal du vere med på ein av aktivitetane under:

UFO (tre av fire fredagar i månaden kl. 19.00-24.00 for 8.klasse og oppover)

Teknisk gruppe i kyrkja (dag og tid vert avtala med leiarane)

Moster:

Medhjelpar i fire gudstenester

Eks: kyrkjekaffi, kyrkjevert, tenna lys i globen under forbøna, assistera under nattverden, lesa bibeltekstar og anna.

Teknisk gruppe i kyrkja

Fire gudstenester i løpet av konfirmantåret

Samtalegruppe

Heime i ei stove. Samtale om tru og tvil eller andre spørsmål du har. Kanskje sjå ein film.

Hjelpeleiar Myldredag Salem

Fire oppmøte i løpet av konfirmantåret. Avtalar med leiarar på Myldredag kva som vert oppgåvene.

Hjelpeleiar Aktiv

Fire oppmøte der ein hjelper til i løpet av konfirmantåret

Konfirmantfestival: Søndag 7. februar 2021 er det konfirmantfestival på Langevåg bygdatun saman med konfirmantar frå andre stadar. Meir informasjon kjem utover året. Me treng foreldrevakter. Kryss av for dette ved påmelding på nett.

KN – aksjon: Veka før påske skal konfirmantane vera med å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp.

Gudstenesteframmøte: Det inngår i konfirmanttida å bli kjend med kyrkja og gudstenesta. Du skal sjølv velje 4 gudstenester du skal gå på, i tillegg til dei 4 som står i årsplanen.

Gudstenester som står i årsplanen:

1. **Presentasjonsgudsteneste:** Konfirmantane går inn i prosesjon, vert presentert for kyrkjelyden og får utdelt Konfirmantbibelen.
2. **Temagudsteneste:** Dette er ei gudsteneste der konfirmantane deltek blant anna med lesing og lystenning . For konfirmantane i Bømlo, Lykling og Moster er det lysmessa som er temagudsteneste. For Bremnes ligg oversikt over tidspunkt for desse gudstenestene ved som eige dokument.
3. **Konfirmantgudsteneste:** Denne gudstenesta er på våren, 14 dagar før konfirmasjonen. På denne er det vanleg at konfirmantane går i dei klede ein skal ha på konfirmasjonsdagen. Etter gudstenesta er det konfirmantfest. Invitasjon til festen kjem når det nærmar seg.
4. **Konfirmasjonsgudsteneste:** Alle har fått den gudstenesta dei har valt. Dersom det er nokon som ynskjer å byte dag eller klokkeslett, ta kontakt med oss snarast mogleg.

Føredrag: Tysdag 13. oktober kl. 18.00 vert det føredrag med Marco Elsafadi for alle konfirmantar og foreldre/føresette på heile Bømlo. Samlinga er i Bremnes kyrkje.

Påmelding:

Du melder deg på til konfirmasjon i kyrkja på nettsida vår:

<http://www.bomlo.kyrkja.no/> Påmeldingsfrist 10. mai 2020

Me har ei facebookside for Konfirmant Bømlo 2021: [Konfirmant Bømlo 2021](#). Følg gjerne denne sida. Her vil me leggja ut informasjon i løpet av konfirmanttida.

Venleg helsing

Laila Hansen Røksund

Kyrkjelydspedagog

53 42 32 89

95 24 51 82

laila-hansen.roksund@bomlo.kommune.no

Liv Merete Fylkesnes Pedersen

Kyrkjelydspedagog

53 42 32 86

99 54 34 51

liv.merete.pedersen@bomlo.kommune.no

Aksel Lygre

Sokneprest

53 42 31 35

47 17 67 43

aksel.lygre@bomlo.kommune.no

Fridleif Lydersen

Sokneprest

53 42 32 83

91 80 70 24

fridleif.lydersen@bomlo.kommune.no